



Lammebyte med Optima pH4

Etter metode som er utvikla av Dag Laupsa Borge i Kvam.

Det som trengs:

Optima pH4 hudvask for dyr; varenr 36(1 liter) eller 37(5 liter) etter så mange lam du skal flytta over. Hudvask 5 liter og spenevask 5 liter er same produktet.

Optima pH4 hudspray for dyr; varenr 31(0,5 liter) eller 32(1 liter) etter så mange lam du skal bruka det til.

1. Fyll lunka vatn i ei bøtte på ca 20 liter
2. Ha oppi 2-3 dl med **Optima pH4 hudvask for dyr** og bland godt
3. Dypp heile lammet i denne blandinga og gni det godt inn; utan å få vatn i nase og lunger
4. Ta lammet opp og la overskytande væske renna av
5. Spray lammet med **Optima pH4 hudspray for dyr**
6. Ha på fostervatn dersom du får tak i det
7. Lat sauene få dette lammet før han får sitt eige

Det som skjer vidare er at sauene slikkar lammet og godtek det (hudsprøyen smakar godt).

Dette skjer i nær 100% av tilfella.

Tilbakemeldingane så langt er utruleg gode. Og det ser ikkje ut til at det betyr så mykje om det blir brukt fostervatn eller ikkje.

Metoden er brukt på lam som var opp til 6 dagar gamle.

Det er også døme på vellukka resultat 1-2 dagar etter lamming når eige lam har krepert. Då skal begge lamma vaskast og sprayast.